Styret og dagleg leiari er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at det gir en dekkande framstilling i samsvar med regnskapslova, tilleggsbestemmingar i lov om Interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding for interkommunale selskap og god regnskapskikk i Noreg. Leiinga er og ansvarleg for slik intern kontroll den finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Føresetnadene for fortsatt drift skal leggast til grunn for årsregnskapet så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikle.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av oppgåvene til revisor visast det til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 5.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg

Vestfold og Telemark revisjon IKS
Org.nr.: 923 827 410 MVA
Tlf.: 33 27 13 09
www.vtr.no

Postadresse
Postboks 314
3701 Skien
kontroll@vtr.no

Avdeling Skien
Bruene 1
3724 Skien

Avdeling Horten
Solstrandsveien 12
3187 Horten

Avdeling Ba
Bøgata 68
3000 Ba





registrering og dokumentasjon av selskapet sine regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik


Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Renovest IKS si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhentla bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare beskriving av revisors oppgåver vises det til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsmelding nr. 5](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsmelding-nr-5).

Bø, 11. mars 2024
Vestfold og Telemark revisjon IKS


Hilde Vatnar
oppdragsansvarleg revisor / statsautorisert revisor

Vestfold og Telemark revisjon IKS
Org nr.: 923 822 410 MVA
Tlf.: 33 67 13 00
www.vtrrevisjon.no

Pusteludresse
Postboks 311
3701 Skien
980018725

Avdeling Skien
Bruene 1
3724 Skien

Avdeling Morten
Solstrandsveien 12
3167 Huren

Avdeling Bø
Bøgate 69
3800 Bø






2023

RENOVEST

Miljøvern i praksis



Årsmelding og rekneskap





Innhald

Verksemda	5
Formål og oppgaver for verksemda	5
Rekneskapsoppstilling 2021 – 2023	5
Utgreiing om årsrekneskapen, disponering av resultatet og likviditet	6
Næringsverksemd	6
Sjølvkostområda – sjølvkostfond	6
Risikoar	8
Vidare drift	8
Kostnadsutvikling på renovasjonsgebyret i perioden 2011-2023	8
Samanlikning av renovasjonsgebyr (ekskl. mva)	9
Likviditet	11
Kredittrisiko	11
Langsiktig gjeld (LG)	11
Arbeidsmiljø – indre miljø og internkontroll	12
HMS-rapport år 2023	12
Registrera fråvær hos Renovest IKS i året 2023	12
Fråvær i prosent hos avtalepartner, Telemark Godslinjer AS i året 2023	12
Personale	13
Likestilling	13
Deltidsarbeid	13
Hospitantordning	13
Ytre miljø	13
Skårmoen avfallsdeponi	13
Litveit avfallsdeponi	14
Miljøfyrtårn	14
Klimagassrekneskap	15
Verksemda 2023	17
Styre- og representantskapsmøte	17
Oppgaver som administrasjonen/styret har arbeid med utanom ordinær drift:	17
Drift i eigen regi	18
Avfallsmottak	18
Litveit slamkomposteringsanlegg	18
Hytterrenovasjon	18





Aktive tenestekontraktar	18
Hushaldsrenovasjon	18
Slamrenovasjon	18
Slamtransport	18
Ekstern- og intertransport av avfall	18
Slutthandsaming av restavfall	18
Slutthandsaming av papp og papir	19
Slutthandsaming av glas- og metallemballasje	19
Slutthandsaming av matavfall	19
Slutthandsaming av plastemballasje	20
Slutthandsaming av landbruksplast	20
Slutthandsaming av trevirke og trykkimpregnert trevirke	20
Slutthandsaming av kompleks jern og metall	21
Slutthandsaming av EE-avfall	21
Slutthandsaming av farleg avfall	21
Slutthandsaming av gips	21
Drift og prosjekt	22
HUSHALDS- OG HYTTERENOVASJON	22
Innsamling av avfall	22
Hushaldningsabonnentar og hentefrekvensar	22
Raudboks til oppbevaring av farleg avfall og småelektronikk	23
Hytterrenovasjonsordninga	24
Planendring av hytterrenovasjonsløysinga	25
Statistikk for innsamla avfall	27
Plukkanalyse	29
Avfallsmottaka	32
Samlestatistikk – 2023	33
SLAMHANDTERING	34
Oppsummering av drifta 2023	34
Aktivitet 2023 fordelt på fraksjon	35
Luktlogg frå 01.01.2023 – 31.12.2023	36
Tilbakemelding frå naboane til Litveit komposteringsanlegg	36
Slamkvalitet	36
Maskiner og utstyr	36
HMS og opplæring	36





Forsknings- og utviklingsaktivitetar	37
Innleiing	37
Bakgrunn	38
Prosjektet	38
Prosjektaktivitetar	38
Aktivitetar og resultat i 2023	39
Økonomi fordela på dei ulike rekneskapsavdelingane	40
Avdeling 1 – Renovasjon	40
Avdeling 2 - Slamrenovasjon	41
Avdeling 3 – Næring	42
Avdeling 4 – RA-Slam	43
Sjølvkostrekneskap	44
Organisasjon	45
Representantskapet	46
Styret	46
Lønns- og personalutval	47
Arbeidsmiljøutval	47
Styreansvarsforsikring	47
Likestilling i styret	47
Årsrekneskap 2023	48
Notar 2023	52
Note 1 - Antall årsverk	53
Note 2 - Lønskostnader	53
Note 3 - Ytelsar til leiande personar	53
Note 4 - Pensjon og pensjonsforplikting	53
Note 5 - Varige driftsmidlar	55
Note 6 - Spesifisering av skatt	56
Note 7 - Mellombelse skilnader - utsett skatt/skattefordel	56
Note 8 - Fordringar	57
Note 9 - Bankinnskot	57
Note 10 - Eigenkapital	57
Note 11 - Gjeld og garantiforpliktingar	57
Note 12 - Avdrag på lån til investeringar i varige driftsmidlar	58
Note 13 – Eigaranes andel av selskapets inntekter	58
Uttale om årsrekneskapen frå uavhengig revisor	59





Årsmelding 2023

980 018 725
Renovest IKS

Verksemnda

Renovest IKS er eit interkommunalt renovasjonsselskap, etablert og eigd av kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid, Tokke og Fyresdal. Verksemnda er organisert som eit IKS (interkommunalt selskap) etter *Lov om interkommunale selskap*. Verksemnda har kontoradresse og hovudmottak i Kviteseid for kommunane Kviteseid og Seljord, driv mottaksanlegg (satellittar) i kommunane Vinje, Tokke og Fyresdal, og har i tillegg ansvar for etterdrift av deponi i Kviteseid (Litveit) og Fyresdal (Skårmoen). I tillegg eig og driv verksemnda slamkomposteringsanlegget Litveit i Kviteseid kommune.

Formål og oppgåver for verksemnda

Formålet til selskapet er å ta hand om eigarkommunane sitt ansvar for handtering av avfall, slik at avfallet blir handtert på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte.

Jf. selskapsavtala skal verksemnda;

- o etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall for dei fem eigarkommunane i samsvar med forureiningslov og driftsløyve,
- o vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av alle avfallstyper etter lovverk og føresegner,
- o ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg,
- o drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkomande avfallshandtering.

Verksemnda har inga syster- eller dotterselskap, men deltek i nokon grad som kommersiell aktør i marknaden utanfor "sjølvkostområda".

Renovest IKS har i hovudsak inntekter frå innsamling av hushaldsavfall og septik/slam i eigarkommunane. Verksemnda er basert på langsiktige avtaler med eigarane, og er ikkje tidsavgrensa. Inntektene er regulerte gjennom særlovgeving og føresegner ("*Lov om vann og kloakkavgifter*" og "*Lov om forureining*"), og hovudsakeleg skal verksemnda sine inntekter og kostnader registrerast som sjølvkost etter «*Føresegn om berekning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr*» (*sjølvkostføresegna*) og «*Vegleiar til sjølvkostføresegna*».

Rekneskapsoppstilling 2021 – 2023

Renovest IKS	Sjølvkost (hushald, slam, RA-slam)			Næring			Verksemnda samla		
	2023	2022	2021	2023	2022	2021	2023	2022	2021
Periode 01.01 - 31.12									
Sum inntekter	51 202 372	49 548 016	43 012 403	10 242 988	9 690 454	7 585 727	61 445 360	59 238 470	50 598 131
Sum varekostnader	23 454 043	23 318 826	21 140 274	4 650 552	5 342 181	3 894 859	28 104 595	28 661 007	25 035 132
Sum løns-/personalkostnader	8 230 378	8 793 429	7 978 321	2 092 388	1 640 803	1 532 222	10 322 766	10 434 232	9 510 542
Sum andre driftskostnader	17 694 421	15 895 279	13 152 550	2 300 314	1 992 167	1 396 602	19 994 735	17 887 446	14 549 152
Sum kostnader	49 378 842	48 007 534	42 271 145	9 043 254	8 975 151	6 823 682	58 422 096	56 982 685	49 094 827
DRIFTSRES. FØR FINANS (EBIT)	1 823 530	1 540 482	741 259	1 199 734	715 303	762 045	3 023 264	2 255 785	1 503 303
Sum finansposter	-1 111 835	-673 119	-225 013	-141 443	-98 391	-30 437	-1 253 278	-771 510	-255 450
Resultat før skatt	711 695	867 363	516 246	1 058 291	616 912	731 608	1 769 986	1 484 275	1 247 854
Skattekostnad	-	-	-	233 040	135 775	160 953	233 040	135 775	160 953
Årsresultat	711 695	867 363	516 246	825 251	481 137	570 655	1 536 946	1 348 500	1 086 901

Næringsverksemnda er skilt ut som eiga resultatteining.

Inntekter og kostnader har vore fordelt mellom sjølvkostområda og næring slik tabellen over visar.



Miljøvern i praksis


Utgreiing om årsrekneskapen, disponering av resultatet og likviditet.

Utviklinga av inntekter og resultat for verksemda samla sett har vore slik:

MNOK

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Omsetning	32,064	32,523	33,228	35,44	38,738	40,046	42,036	45,037	43,451	43,908	50,598	59,238	61,445
Resultat	0,085	0,130	-0,002	-1,284	0,652	1,037	-1,083	3,992	2,071	-1,052	1,087	1,349	1,537

Inntekts- og resultatutvikling 2011 - 2023



Etter styret si oppfatning gjev framlagt resultatrekneskap og tilhøyrande balanse med noter eit korrekt bilete av verksemda sitt resultat for 2023, og den økonomiske stillinga ved dette årsskiftet.

Det er ikkje kome til element av vesentleg karakter etter rekneskapsårets slutt som gjev grunn til endringar i vurdering av rekneskapen.

Rekneskapen for året visar eit samla overskot, stort kr 711 695 for sjølvkostområda (hushaldsrenovasjon og slamhandtering) og eit overskot, stort kr 825 251 etter skatt for næringsverksemda.

Samla for heile verksemda visar rekneskapen eit overskot, stort kr 1 536 946.

Næringsverksemd

For året 2023 visar resultatet frå aktivitet retta mot næringsverksemd eit overskot før skatt, kr 1 058 291. Resultatført skattekostnad, jf. note 3, er berekna til kr 233 040, og netto årsresultat frå denne aktiviteten vert kr 825 251.

Elles visar styret til vedlagt resultatrekneskap, balanse og noter for driftsåret 2023.

Sjølvkostområda – sjølvkostfond

«Retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester» beskriv situasjonen knytt til sjølvkostfond på følgjande måte:

«Når ein kommune kjøper sjølvkostområdets sjølvkostteneste av eit selskap, men har indirekte og eventuelt direkte kostnader også i eigen regi, må sjølvkostfondet handterast i kommunens kalkyle og rekneskap. Utførande selskap reknar av kostnadene på kommunen/kommunane, og har difor ikkje sjølvkostfond.»





Som følge av dette vil Renovest IKS, leverandør av sjølvkosttenester til eigarkommunane, nullstille resultatet frå sjølvkostrekneskapen 2023.

Tilbakebetaling til eigarkommunane vil avreknast i 2024, dette knytt til sjølvkostområda hushaldsrenovasjon, slamtøming og RA-slam. I 2023 har Renovest IKS eit samla sjølvkostresultat på kr 1 306 648, bokført som reduksjon i årets resultat og selskapets eigenkapital pr. 31.12.2023. Tilsvarande beløp er sett av som kortsiktig gjeld til eigarkommunane i verksemda sin balanse pr. 31.12.2023.

Oppstilling nedanfor visar rørslene i selskapets eigenkapital. Rørslene inneheld overskot frå rekneskapsåret og avsett sjølvkostskuld til eigarkommunane.

	Selskapskapital	Annan eigenkapital
Pr 1.1.	10 000 000	6 086 892
Årets resultat før avsett sjølvkostforplikting	0	2 843 594
Avsett sjølvkostforplikting i årets resultat	0	- 1 306 648
Pr 31.12.	10 000 000	7 623 838

Over- / underskot blir i sin heilskap og årleg overført annan eigenkapital.

Sjølvkostskuld, kr 1 306 648, vil bli utbetala og dela på sjølvkostområder og eigarkommunane slik:

1 - Renovasjon

Renovest IKS - Oversikt - sjølvkostfond							
Eigarkommunar		Vinje	Seljord	Kviteseid	Tokke	Fyresdal	Sum
		Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn
Dato / år	Annan EK						
	Hushaldrenovasjon						
Gebyrinntekter	40 203 441						
Gebyrgrunnlag	39 243 021						
Årets sjølvkostresultat - utbetalast i 2024	960 420						
<i>Tal abonnentar</i>		7 773	2 626	2 648	2 251	1 796	17 094
<i>Andel pr. kommune</i>		45 %	15 %	15 %	13 %	11 %	100 %
Tilbakebet (+) / til gode (-) eigarkommune (2023)		436 723	147 541	148 777	126 472	100 908	960 420

2 - Slamtøming

Renovest IKS - Oversikt - sjølvkostfond							
Eigarkommunar		Vinje	Seljord	Kviteseid	Tokke	Fyresdal	Sum
		Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn	Tal abonn
Dato / år	Annan EK						
	Slam						
Gebyrinntekter	6 429 647						
Gebyrgrunnlag	6 332 154						
Årets sjølvkostresultat - utbetalast i 2024	97 493						
<i>Tal abonnentar</i>		488	627	493	589	209	2 406
<i>Andel pr. kommune</i>		20 %	26 %	20 %	24 %	9 %	100 %
Tilbakebet (+) / til gode (-) eigarkommune (2023)		19 774	25 407	19 977	23 867	8 469	97 493





4 – RA-slam

Renovest IKS - Oversikt - sjølvkostfond							
Eigarkommunar		Vinje Tal tonn	Seljord Tal tonn	Kviteseid Tal tonn	Tokke Tal tonn	Fyresdal Tal tonn	Sum Tal tonn
Dato / år	Annan EK						
	RA-Slam						
	Gebyrinntekter						4 250 780
	Gebyrgrunnlag						4 002 045
	Årets sjølvkostresultat - utbetalast i 2024						248 735
Antall tonn 2023		840	362	324	221	85	1 832
Andel pr. kommune		46 %	20 %	18 %	12 %	5 %	100 %
Tilbakebet (+) / til gode (-) eigarkommune (2023)		114 065	49 098	44 035	30 026	11 511	248 735

Risikoar

Sidan prisane (driftsbidraga) til eigarkommunane er basera på sjølvkost vil risikoen knytt til framtidige inntekter med tilhøyrande resultat for Renovest IKS vere liten. Elles er moglege usikkerheiter fyrst og fremst knytt til endringar i eksterne gjevne driftsrammer, og endringar i resultatet for den «kommersielle» aktiviteten verksemda driv. Konsekvensen av endring i eksterne gjevne driftsrammer i sjølvkostområdet vil hovudsakleg endre prisar (driftsbidrag) til eigarkommunane (abonnentar), men vil ikkje føre til store utslag/endringar i selskapet sitt resultat eller balanse over tid.

Gjennom IKS-loven er eigarkommunane solidarisk ansvarlege for verksemda sine forpliktingar.


Vidare drift

Årsrekneskapen for 2023 er gjevne under føresetnad om vidare drift. Frå styret si side vert det med dette stadfesta at vilkåra for vidare drift er til stades.

Kostnadsutvikling på renovasjonsgebyret i perioden 2011-2023

Kostnadsutviklinga på renovasjonsgebyret hos Renovest IKS i perioden 2011-2023 har vore slik:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Renovasjonsgebyr (kr)	2 243	2 322	2 055	2 133	2 195	2 203	2 195	1 710	1 805	1 910	1 962	2 253	2 447





Samanlikning av renovasjonsgebyr (ekskl. mva)

Tal henta frå statistisk sentralbyrå

Dei nasjonale årsgebyra for 2023 er endå ikkje klare, men i 2022 var det gjennomsnittlege renovasjonsgebyret kr. 3 309 ekskl. meirverdiavgift. Rangert frå lågast til høgast renovasjonsgebyr blant landets kommunar i 2022 var Kviteseid rangert som nummer 5, Fyresdal som nummer 11, Seljord som nummer 31, Tokke som nummer 49 og Vinje som nummer 59.

Gjennomsnitt heile landet:	kr	3 309	30 4613 Bømlo	kr	2 369
1 3422 Åmot	kr	1 017	31 3820 Seljord	kr	2 371
2 5442 Unjárga-Nesseby	kr	1 175	32 1106 Haugesund	kr	2 385
3 3012 Aremark	kr	1 693	33 1145 Bokn	kr	2 385
4 4616 Tysnes	kr	1 818	34 1146 Tysvær	kr	2 385
5 3821 Kviteseid	kr	2 007	35 1160 Vindafjord	kr	2 385
6 4623 Samnanger	kr	2 042	36 4611 Etne	kr	2 385
7 4628 Vaksdal	kr	2 042	37 4220 Bygland	kr	2 417
8 1135 Sauda	kr	2 043	38 4624 Bjørnafjorden	kr	2 425
9 4630 Osterøy	kr	2 054	39 1804 Bodø	kr	2 433
10 3448 Nordre Land	kr	2 100	40 1837 Meløy	kr	2 433
11 3823 Fyresdal	kr	2 104	41 1838 Gildeskål	kr	2 433
12 4601 Bergen	kr	2 147	42 1840 Saltdal	kr	2 433
13 3035 Eidsvoll	kr	2 183	43 3419 Våler (Innlandet)	kr	2 436
14 4622 Kvam	kr	2 191	44 3437 Sel	kr	2 461
15 3814 Kragerø	kr	2 203	45 4612 Sveio	kr	2 461
16 3447 Søndre Land	kr	2 229	46 5057 Ørland	kr	2 470
17 3811 Færder	kr	2 248	47 4625 Austevoll	kr	2 503
18 5001 Trondheim - Tråanten	kr	2 270	48 4222 Bykle	kr	2 537
19 3438 Sør-Fron	kr	2 272	49 3824 Tokke	kr	2 546
20 3439 Ringeby	kr	2 272	50 4627 Askøy	kr	2 552
21 1816 Vevelstad	kr	2 281	51 3006 Kongsberg	kr	2 553
22 3436 Nord-Fron	kr	2 290	52 3432 Lesja	kr	2 567
23 3407 Gjøvik	kr	2 300	53 3433 Skjåk	kr	2 580
24 3806 Porsgrunn	kr	2 300	54 1149 Karmøy	kr	2 588
25 3442 Østre Toten	kr	2 309	55 3453 Øystre Slidre	kr	2 588
26 3004 Fredrikstad	kr	2 332	56 3014 Indre Østfold	kr	2 600
27 3804 Sandefjord	kr	2 344	57 4206 Farsund	kr	2 605
28 3414 Nord-Odal	kr	2 358	58 4614 Stord	kr	2 617
29 3003 Sarpsborg	kr	2 364	59 3825 Vinje	kr	2 620





I diagrammet under er det gjennomsnittlige renovasjonsgebyret for 2023 i Renovest sine eigarkommunar samanlikna med det gjennomsnittlige renovasjonsgebyret for 2023 i våre naboregionar. Gebyra er henta frå kommunanes eller dei interkommunale selskapas heimesider.

Region	Gjennomsnittsgebyr	
RENOVEST IKS	kr	2 517
IATA IKS	kr	2 694
TINN KOMMUNE	kr	3 181
IRMAT AS	kr	3 634

Gjennomsnittleg renovasjonsgebyr 2023 (ekskl. mva)





Likviditet

Likviditetssituasjonen

Likviditetssituasjonen i verksemda har over år vore svært god, hovudsakeleg utan bruk av trekkrettigheitar (kassakreditt). Dette skyldast m.a. halvårleg forskottering av driftsbidrag frå eigarkommunane. Nøkttern drift, eit balansera førehald mellom avdragsbetaling og avskrivningar (ikkje betalbare kostnader) er og faktorar som har påverka likviditeten positivt.

Jf. §22 i Lov om interkommunale selskap skal likviditetslån / utvida trekkrettigheitar vera oppgjorte seinast på det tidspunktet når årsrekneskapen fastsetjast. Kravet til slik likviditetsopplåning er innfridd.

Likviditetsutvikling i perioden	
Likviditetsreserve 01.01.2023	9 366 521
Årets overskot hitil (+)	1 536 946
Årets underskot hittil (-)	0
Årets avdragsbetaling (-)	4 035 156
Årets avskrivningar (+)	6 928 263
Nytta til investeringar (-)	9 830 063
Tilført v/salg driftsmidlar (+)	0
Tilført vekstra lån (+)	10 000 000
Nytta til annan auke i anleggsmidlar (-)	38 059
Annan nedgang i anleggsmidlar (+)	0
Annan nedgang i Langsiktige fordringar (+)	0
Annan oppgang i Langsiktige fordringar (-)	50 357
Annan auke i gjeld / forpliktelse (+)	0
Annan nedgang i gjeld / forpliktelse (-)	564 365
Egenkapitalført sjølvkostforpliktning (-)	0
Likviditetsreserve 31.12.2023	13 313 730
Kassekreditlimit (-)	3 500 000
Kontantreserve 31.12.2023	16 813 730

Likviditetsoversikt pr. 31.12.2023	
Kundefordringar	1 694 435
Forskotsbet.kostnader/påløpte inntekter	396 518
Bankinnskot/kontanter	17 179 159
Til gode mvå/tilskot	2 143 869
Sum likvide omløpsmidlar	21 413 981
Leverandørgjeld	2 433 913
Div. kortsiktig gjeld	1 906 938
Sjølvkostgjeld eigarkommunane	1 306 648
Påløpte kostnader	2 383 952
Ekstraordinære avsetningar	68 800
Sum kortsiktig gjeld	8 100 251
Likviditetsreserve 31.12.2023	13 313 730

Eigarkommunane utgjer det vesentlegaste av kundegrnlaget for selskapet.

Eigarkommunane sin del av omsetnaden for 2023 utgjer 81 % og tilsvarande del av kundefordringar pr 31.12.2023 utgjer 57 %.

Kreditrisiko

Kreditrisikoen vurderast som låg.

Langsiktig gjeld (LG)

Den langsiktige låneportefølja til verksemda er finansiera i Kommunalbanken Norge. Låna er basera på flytande «grøne p.t.-lån» og «ordinære p.t.-lån» med avdragstype serie. Annuitetslånet frå 2015 vart nedbetala i 2023. År 2023 har vore prega av stor renteauke.

Oversikt - lån i Kommunalbanken Norge

Lånenummer	Opprinneleg lånebeløp	Startdato	Sluttdato	Rentetype	Indeks	Type lån	Gjeldande rente	Lånesaldo 01.01.2023	Avdrag betalt 2023	Restgjeld 31.12.2023	Renter 01.01.23 - 31.12.23
20230223	10 000 000	01.12.2023	03.12.2035	Flytande	Grønn p.t.	Serie	5,30	-	-	10 000 000	45 014
20220002	9 620 113	13.01.2022	31.01.2034	Flytande	Ordinær p.t.	Serie	5,50	9 219 270	801 680	8 417 590	406 457
20190727	31 492 786	02.01.2020	02.01.2032	Flytande	Ordinær p.t.	Serie	5,50	24 931 780	2 624 400	22 307 380	1 079 773
20180024	5 395 400	12.02.2018	14.02.2028	Flytande	Ordinær p.t.	Serie	5,50	2 967 470	539 540	2 427 930	122 936
20150285	1 055 000	22.06.2015	22.06.2023	Annuitet	Grønn p.t.	Annuitet	-	69 536	69 536	-	1 324
SUM								37 188 056	4 035 156	43 152 900	1 655 504



Arbeidsmiljø – indre miljø og internkontroll

Verksemda er opptatt av å leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø, og styret vurderer det interne arbeidsmiljøet ved verksemda som godt. Frå våre avtalepartnarar, både i samband med avfalls- og slamrenovasjon, føreligg det stadfestingar om lovmessige HMS-system og eit godt arbeidsmiljø. Alle medarbeidarar får nødvendig påfyll av kompetanse gjennom kurs etter behov. Dei tilsette er pålagt å fylgje dei instruksar og rutinar som er vedtekne. Det blir også arbeidt med å etterkoma internkontrollforskrifta. Det er ein kontinuerleg kontroll av at alle sikkerheitsinnretningar er i orden og at sikkerheitsforskrifter blir fylgt.

HMS-rapport år 2023

Eige drift / tilsette

Det er ikkje rapportera nokon arbeidsulykke med personskade i 2023 for egne tilsette.

Registrera frávær hos Renovest IKS i året 2023

Avdeling	Egenmelding	1-3 dager	4-16 dager	Over 16 dager	Over 8 uker	Barns sykdom	Faktiske dagsverk	Frávær prosent
1 Sjøfør mm	0	0	12	0	0	0	600	2,00 %
120 Administrasjon	24	0	11	0	0	0	1167	3,00 %
357 Avfall/sortering	17	0	36	45	0	0	1436	6,83 %
Sum	41	0	59	45	0	0	3202	4,53 %

Avtalepartnar med tenestekontrakt

Hos avtalepartnar - Telemark Godslinjer AS - er det rapportera om to arbeidsulykker med personskade blant tilsette engasjera for Renovest IKS i 2023. Den eine var mindre alvorleg og gjaldt ei skliulykke i forbindelse med mangelfull strøing ved ein avfallsbeholdar ute hjå ein abonnent. Den andre episoden var meir alvorleg då ein renovatør vart angripen av tre personar mens han var på arbeid. Han vart slått i nakken og dytta i bakken. Renovatøren hadde vondt i ryggen etterpå. Denne saken vart politimeldt.

Frávær i prosent hos avtalepartnar, Telemark Godslinjer AS i året 2023

Avdeling	Avtalte dagsverk	Totalt frávær		Korttidsfrávær		Langtidsfrávær	
		dager	%	dager	%	dager	%
360 - Renovasjon	2 926,00	162,00	5,54 %	31,00	1,06 %	131,00	4,48 %
Egenmelding		15,00	0,51 %	15,00	0,51 %	0,00	0,00 %
Sykmelding		144,00	4,92 %	13,00	0,44 %	131,00	4,48 %
Barns sykdom		3,00	0,10 %	3,00	0,10 %	0,00	0,00 %
365 - Container og renovasjonstjenester	1 245,00	16,00	1,29 %	16,00	1,29 %	0,00	0,00 %
Egenmelding		7,00	0,56 %	7,00	0,56 %	0,00	0,00 %
Sykmelding		3,00	0,24 %	3,00	0,24 %	0,00	0,00 %
Barns sykdom		6,00	0,48 %	6,00	0,48 %	0,00	0,00 %
370 - Slam	4 917,00	255,00	5,19 %	29,00	0,59 %	226,00	4,60 %
Egenmelding		13,00	0,26 %	11,00	0,22 %	2,00	0,04 %
Sykmelding		242,00	4,92 %	18,00	0,37 %	224,00	4,56 %
Barns sykdom		0,00	0,00 %	0,00	0,00 %	0,00	0,00 %
Totalt for alle avdelinger	9 088,00	433,00	4,76 %	76,00	0,84 %	357,00	3,93 %
Egenmelding		35,00	0,39 %	33,00	0,39 %	2,00	0,02 %
Sykmelding		389,00	4,28 %	34,00	0,37 %	355,00	3,91 %
Barns sykdom		9,00	0,10 %	9,00	0,10 %	0,00	0,00 %





Personale

Verksemda har ved utgangen av 2023 til saman 13 tilsette fordela på 13 årsverk. Av disse er 3 kvinner og 10 menn.

Likestilling

Det er ikkje sett i gang spesielle tiltak for å fremje likestilling i 2023. Ved tilsetjingar vil det underrepresenterte kjønn bli valt framfor det andre dersom kvalifikasjonar elles er like. På denne måten vil føremålet med lov om diskriminering og likestilling bli tatt i vare. Renovest har som praksis at arbeid av lik verdi skal gje lik lønn, uavhengig av kjønn. Renovest har for tida ingen like stillingar som er representert av begge kjønn. Lov om likestilling mellom kjønn av 9. juni 1978 nr. 45 er etterlevd både i samband med tilsetjing, lønsfastsetjing, utdanning m.m.

Deltidsarbeid

Alle tilsette hos Renovest IKS har 100 % stilling.

Hospitantordning

Verksemda har i fleire år opna moglegheit for hospitantar, dette i nært samarbeide med NAV. Hospitantar er i hovudsak personar som treng arbeidstrening, opplæring i bruk/handtering av tyngre anleggsmaskinar og liknande, for å kvalifisera seg til arbeidslivet.

Ytre miljø

Renovest IKS er ei miljøverksemd, og har ansvar for å ivareta det ytre miljø, spesielt på renovasjonssida. Verksemda er difor ein monaleg aktør for å oppretthalde eit godt miljø i regionen. Verksemda er underlagt relevant norsk lovverk og gjevne løyver, og ho forureinar ikkje det ytre miljøet. Renovest har eigen beredskaps- og varslingsplan i forbindelse med eventuelle utslepp og miljøgifter. Det har også blitt gjort ei miljørisikoanalyse knytt til det ytre miljø for Renovest IKS si verksemd.

Avfallsdeponia

Avfallsdeponia er ute av drift og har desse miljøfaktorane; lukt og sigevatn. Det er ikkje registrera problem med verken lukt eller sigevatn i forbindelse med avfallsdeponia.

Skårmoen avfallsdeponi

COWI AS har i 2023 gjennomført to prøverundar ved Skårmoen avfallsdeponi. Overvakinga omfattar tre grunnvassbrønner og tre overvasspunkt som blir prøvetatt med ulik frekvens. I 2023 er samlege punkter prøvetatt to rundar.

Det er i 2023 ikkje observert resultat som fører til at det bør gjerast tiltak ved Skårmoen avfallsdeponi, men det er registrert noko høgare konsentrasjon av sink i brønn 1 enn det har blitt gjort ved tidlegare prøvetakingar. Dette skal følgast med på ved påfølgande målingar.





Litveit avfallsdeponi

COWI AS har i 2023 gjennomført to prøverundar ved Litveit avfallsdeponi. Overvakinga omfattar tre grunnvassbrønner og to overvasspunkt som blir prøvetatt med ulik frekvens.

Den mikrobiologiske analysa av overflatevatn visar omtrent den same mengda intestinale enterokokker og E. coli bakteriar ved prøvepunktet nedstrøms og oppstrøms, men det er faktisk ein høgare andel koliforme bakteriar oppstrøms enn nedstrøms.

Det er i 2023 ikkje observert resultat som fører til at det bør gjerast tiltak ved Litveit avfallsdeponi, men det er registrert noko høg konsentrasjon av nikkel i brønn 2 på siste måling. Dette skal følgast med på ved påfølgande målingar.

Konklusjon

Det er i 2023 ikkje observera resultat som tilseier at det bør gjerest tiltak ved avfallsdeponia. Med bakgrunn i målingane konkluderast det med at deponia ikkje påverkar vasskvaliteten i området. Avslutning av deponia vart gjennomført i 2014, og etterdrift gjennomførast jf. planer utarbeidd av ekstern konsulentverksemd og godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Hovdestadmoen avfallsdeponi er Vinje kommune sitt ansvar.
Vistadmoen avfallsdeponi er Tokke kommune sitt ansvar.

Miljøfyrtårn

Hausten 2023 byrja administrasjonen arbeidet med miljøfyrtårnsertifisering. Prosessen gjekk effektivt og greitt, og handla for det meste om å dokumentere rutinar og krav verksemda allereie hadde. Den 08.11.2023 vart Renovest miljøfyrtårnsertifisert. Dette inneber at verksemdas miljøstandard og rutinar er gode, og at verksemda kan dokumentere at strenge krav innan arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og estetikk er tilfredsstilt.



Klimagassrekneskap

I 2020 utarbeida Asplan Viak ein klimakalkulator der Renovest kan endre input-verdiar for å sjå korleis klimagassrekneskapet endrar seg år for år.

Modelloppbygging

Verktøyet er bygd på utslippsfaktorar henta frå LCA-verktøyet Simapro og LCA-databasen Ecoinvent v3 brukast som underlagsdatabase. Dette sikrar ein modell som er brote opp i einingsprosessar¹.

Bruk av verktøyet

Klimagassberekningane baserer seg på mengd avfall innsamla av Renovest i år 2023.

Klimagassrekeskap 2023

Hovudtrekka av den utarbeida klimagassrekneskapen for året 2023:


Totalt klimagassutslipp, tonn CO2 ekv	-187,02
Klimagassutslipp, tonn CO2 ekv per tonn avfall	-0,016

	Tonn CO2 ekv	tonn CO2 ekv/tonn avfall totalt
Transport	647	0,06
Energigjenvinning	434	0,04
Materialgjenvinning	- 1 462	-0,13
Deponi	1	0,00
Biogass - til drivstoff	-	0,00
Biogass - til energi	47	0,00
Kompostering	146	0,01
Sum	- 187	-0,02

Den totale klimagassrekneskapen for avfallsfraksjonane hos Renovest IKS for året 2023 visar eit resultat på -187,02 tonn CO₂-ekvivalentar. I 2022 vart resultatet til samanlikning negativt, med eit resultat på 46,59 tonn CO₂-ekvivalentar. Hovudårsaka til at me har eit betre resultat i 2023 er at det har vore ei stor nedgang i restavfallsmengda frå næringslivet. Det har difor vore mindre utslepp i forbindelse med både eksternttransport og energigjenvinning av avfallet.

¹ «Einingsprosess» tydar at data er organisera slik at ein kan sjå kva som går inn (energi, materialar) og ut (produkt, utslepp) frå kvar prosess i systemet. Totale utslepp frå å produsere produktet frå prosessen reknast ut ved hjelp av lineær algebra (lause likningssett). Dette i kontrast til prosessar der ein berre har ein ferdig utrekna utsleppsfaktor for kvart produkt.





Verksemnda 2023

Styre- og representantskapsmøte

Det er i året 2023 halde tre styremøte og to representantskapsmøte.

Styret har gjennom styresakene og styremøta gjort naudsynte vedtak.

Opgåver som administrasjonen/styret har arbeid med utanom ordinær drift:

- Miljøfyrtårnsertifisering
- Utarbeiding av årsmelding/rekneskap (2022)
- Endring av div. tenestekontraktar (innanfor lova sine rammer)
- Utarbeiding av enkelt halvårsrapport (rekneskap)
- Gjort undersøkingar i forhold til eventuell overgang til fossilfrie maskiner
- Undersøkt ulike alternativ i forhold til framtidige krav om utsortering av tekstilavfall
- Nytt låneopptak (investering i hyttereturpunkt. / maskiner/anlegg ved satellittar)
- Arbeid med budsjett og økonomiplanar
- Vidareføring av prosjekt / nye strukturar på hyttereturpunkt
- Innføring av «raudboksprosjektet» for farleg avfall
- Batterikampanje
- Laga ny heimeside
- Tilrettelegging i forbindelse med krav om universell utforming
- Arbeid med forskingsprosjekt for berekraftig praksis for innsamling av avløpslam
- Installasjon av ny arbeidsbrakke på Hovdestadmoen avfallsmottak
- Informasjonsarbeid i forbindelse med besøk til blant anna skular og vaksenopplæring.





Drift i eigen regi

Avfallsmottak

Avfallsmottaka, det vil seie hovudmottaket i Brunkeberg og satellittmottaka i Fyresdal, på Dalen og i Åmot drivast i eigenregi.

Litveit slamkomposteringsanlegg

Litveit slamkomposteringsanlegg drivast i eigenregi.

Hytterenasjon

Innsamling av avfall frå hyttereturdpunkt drivast i eigenregi.

Aktive tenestekontraktar

Hushaldsrenasjon

Innsamling av avfall frå fastbuande vert utført av Telemark Godslinjer AS. Avtala byrja 01.07.2020, og har ei varigheit på 3 hovudår, samt einssidig opsjon på ytterlegare 4 år.

Slamrenasjon

Avvatning av slamavskiljarar og minireinseanlegg, tømning av tette tankar og tømning av kommunale reinseanlegg utan avvatning vert utført av Telemark Godslinjer AS. Avtala byrja 01.01.2020, og har ei varigheit på 4 hovudår, samt einssidig opsjon på ytterlegare 3 år.

Slamtransport

Transport av avvatna slam frå kommunale reinseanlegg med avvatning vert utført av Telemark Godslinjer AS. Avtala byrja 01.01.2020, og har ei varigheit på 4 hovudår, samt einssidig opsjon på ytterlegare 3 år.

Ekstern- og internttransport av avfall

Eksterntransport av avfallstypene restavfall, papp og papir, glas- og metallemballasje, matavfall, kompleks jern og gips vert utført av Telemark Godslinjer AS. Avtala byrja 01.07.2020, og har ei varigheit på 3 hovudår, samt einssidig opsjon på ytterlegare 4 år. Interntransport av avfall mellom satellittmottaka og hovudmottaket i Brunkeberg er også ein del av denne avtala.

Slutthandsaming av restavfall

Restavfallet vert transportert til Bjorstaddalen Næring AS i Skien. Restavfall som inneheld ein viss andel av andre avfallsfraksjonar vert der sendt gjennom eit robotsorteringsanlegg for ytterlegare utsortering. På den måten får dei henta ut ein del avfall frå restavfallet som kan gå til materialgjenvinning før resten sendast til energigjenvinning (produksjon av fjernvarme og elektrisitet). Om lag halvparten av restavfallet vert energigjenvunne hos Saren Energy i Sarpsborg, mens den andre halvparten vert energigjenvunne hos Lidköping Energi i Sverige. Avtala med Bjorstaddalen Næring AS byrja 01.01.2019 og varar fram til og med 31.12.2024.





Slutthandsaming av papp og papir

Papp og papir vert pressa i ballar hos Renovest før det transporterast vidare til Norsk Gjenvinning AS på Sem i Tønsberg. Norsk Gjenvinning AS sorterer papp og papir ut i ulike underkategoriar:

- Papp. Går til gjenvinning av ny papp eller kartong.
- Blanda papir. Ein miks av kartong og papir som gjenvinnast til ny emballasjekartong.
- Drikkekartong. Gjenvinnast til ny emballasjekartong.
- De-ink. Ein miks som består av aviser, vekeblad og reklame. Dette gjenvinnast til avisopapir, magasinopapir eller tørkeopapir.

Dei ferdigsorterte fraksjonane vert på nytt pressa i ballar og transportert til gjenvinningsanlegg i Norge, Sverige eller Tyskland. Avtala med Norsk Gjenvinning AS byrja 01.01.2019 og varar fram til og med 31.12.2024.

Slutthandsaming av glas- og metallemballasje

Glas- og metallemballasje vert først finsortera hos Renovest, der alt av feilsorteringar og forureiningar vert fjerna. Deretter vert emballasjen transportera til Sirkel Glass AS i Fredrikstad. Det som er unikt med glaset, er at det kan gjenvinnast i det uendelege utan å tape verdi. Om lag to tredjedelar av glasemballasjen blir til ny glasemballasje i Danmark og andre stadar i Europa. Ein del av glaset blir til glasopor, eit byggemateriale som er laga av 100 % resirkulert glas. Glasopor blir produsert i Fredrikstad og Sjøk, og er eit miljøvenleg alternativ for bygg og anleggssektoren. Ein liten del av glaset vert også brukt til å produsere Glava isolasjon.

Metallemballasjen som vert sortera ut gjenvinnast og seljast vidare. Desse råvarene kan bli til alle moglege produkt av metall, som for eksempel ny metallemballasje, sykklar, bildelar, armeringsjern og så bortetter. Avtala med Sirkel Glass AS er løypande.

Slutthandsaming av matavfall

Matavfallet vart fram til februar 2023 transportert til Indre Agder og Telemark Avfallsselskaps biogassanlegg i Treungen. I februar havarera dette anlegget, noko som gjorde til Renovest saman med IATA fekk til ei midlertidig avtale om å levere matavfallet til Den Magiske Fabrikken i Tønsberg ut året. Hausten 2023 lyste Renovest ut ny konkurranse på mottak og slutthandsaming av matavfall. Det var berre to leverandørar som leverte tilbod; Mjøsanlegget AS og Norsk Gjenvinning Downstream AS. Mjøsanlegget AS tilbaud behandling på Lillehammer, og behandlingsforma skulle vere biogassproduksjon. Norsk Gjenvinning Downstream AS tilbaud behandling i Borås i Sverige. Her var også behandlingsforma biogassproduksjon. I forbindelse med evaluering av tilboda var det frå Renovest si side lagt opp til at det skulle lønne seg å tilby behandling med kortast mogleg transportetappe. Dette med tanke på både miljøaspektet og transportutgifter. Til trass for at det er noko lengre transportetappe til behandlingsanlegget i Borås, hadde Norsk Gjenvinning Downstream AS samla sett det mest fordelaktige tilbodet når evalueringa skulle gjerast. Dette har samheng med at behandlingsavgifta i Sverige ligg på rundt ein tredjedel av behandlingsavgifta i Norge.

Avtala med Norsk Gjenvinning Downstream AS byrja 01.01.2024 og har varigheit fram til 31.12.2027, men med forbehold om at begge partar har rett til å seie opp avtala med 6 månaders varsel. Avtala fornyast automatisk for eit år av gongen fram til ein av partane seier den opp.





Slutthandsaming av plastemballasje

Renovest har avtale med Plastretur AS om både transport og slutthandsaming av plastemballasje. Plastemballasjen vert først grovsortera hos Renovest, der dei verste feilsorteringane og forureiningane vert fjerna. Deretter vert plasten pressa i ballar før det sendast vidare på lastebil til Oslo, og vidare der i frå med tog til Tyskland. Der vert plasten finsortert i enten Gescher, Beckum eller Premnitz. Sorteringsanlegga sorterar plasten i fleire plastkvalitetar før det fraktast vidare til gjenvinningsanlegg i same land, eller andre stadar i Europa.

Om lag 60 % av plasten vert materialgjenvunne i Tyskland. Resten vert sendt til materialgjenvinning i Litauen, Nederland, Norge, Belgia, Estland, Latvia, Polen, Spania, Storbritannia, Østerrike, Danmark og Finland. På gjenvinningsanlegga vert plasten vaska og etikettar og lim vert fjerna. Til slutt blir plasten kverna og smelta til små kuler (pellets) som blir ei råvare som kan brukast til å lage nye produkt i gjenvunne plast. Avtala med Plastretur AS er løypande og varar for eit år av gongen.

Slutthandsaming av landbruksplast

Renovest har avtale med Gangstø Transport AS om transport og slutthandsaming av landbruksplast. Renovest pressar landbruksplasten i ballar før det transporterast vidare til gjenvinning. Om lag to tredjedelar av landbruksfolien gjenvinnast hos Norfolier i Folldal. Resterande tredjedel vert også materialgjenvunne, men andre stadar i Europa eller Asia. Gangstø Transport AS har forplikta seg til at all landbruksplast skal leverast til mottaksanlegg som er godkjente av Plastretur AS.

Avtala med Gangstø Transport AS varar fram til og med 31.12.2024, og fornyast automatisk med eit år av gongen med mindre ein av partane seier den opp.

Slutthandsaming av trevirke og trykkimpregnert trevirke

Renovest har avtale med Norsk Gjenvinning Downstream AS om hogging, transport og slutthandsaming av trevirke, samt transport og slutthandsaming av trykkimpregnert trevirke. Trevirke vert kverna i Brunkeberg med mobil flishoggar to gonger i året, og flisa vert køyrt til energigjenvinning i Linköping i Sverige. Norsk Gjenvinning Downstream håpar på sikt å kunne tilby materialgjenvinning av trevirke gjennom Forestia på Braskereidfoss. Forestia driv med sponplateproduksjon. Dei har ikkje opna anlegget sitt enda, men når dei gjer det, er håpet at dei kan ta i mot trevirke frå Renovest sidan dei allereie har ei samarbeidsavtale med Norsk Gjenvinning Downstream AS.

I tillegg til at Norsk Gjenvinning Downstream AS kvernar trevirke for oss, kvernar dei dei også park- og hageavfallet vårt. Kverna park- og hageavfall nyttar vi sjølve som strukturmateriale til slamkomposteringa vår på Litveit.

Trykkimpregnert trevirke og kreosot er farleg avfall og vert difor ikkje hogge hos Renovest. Dette vert lagra i lukka containerar og transporterast til Solør Bioenergi AS på Kirkenær for fjernvarmeproduksjon.



**Slutthandsaming av kompleks jern og metall**

Renovest har avtale med Stena Recycling AS i Skien om levering av kompleks jern og metall. Dei gjenvinn skrapmetall og jern til råvarer for bruk i nye produkt.

Avtala med Stena Recycling AS byrja 01.06.2019 og varar fram til og med 29.02.2024.

Renovest hadde ute ny førespurnad om sal av kompleks jern og metall sommaren 2023. Denne gongen var det Revac AS på Revetal som fekk avtala. Dei tek over 01.03.2024.

Slutthandsaming av EE-avfall

Renovest har avtale med Revac AS på Revetal om både transport og gjenvinning av EE-avfall. Dei har eit anlegg på Revetal der dei kombinerer både manuelle og maskinelle prosessar for å kunne sortere og utføre miljøriktig behandling og gjenvinning av EE-avfallet. Renovest fekk omvising på anlegget deira sommaren 2023.

Avtala med Revac AS byrja 01.05.2023 og varar fram til 30.04.2026. Deretter er avtala løypande med tre månaders gjensidig oppseiingstid.

Slutthandsaming av farleg avfall

Renovest har avtale med Norsk Gjenvinning AS om transport og slutthandsaming av farleg avfall. Farleg avfall er avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med anna avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr. Norsk Gjenvinning AS har kompetanse på både transport og vidare behandling av dette. Det som kan gjenvinnast blir gjenvunne. Sprayboksane går for eksempel til gjenvinning. Gassane i sprayboksen, og eventuelt flytande avfall som er igjen i boksane, blir energiutnytta ved forbrenning. Energigjenvinningsanlegget har god filtrering, slik at ingen farlege stoff kjem ut i naturen. Asken frå forbrenninga blir samla opp og deponert forsvarleg, og her blir metallet i sprayboksen skilt ut og materialgjenvunne.

Avtala med Norsk Gjenvinning AS byrja 01.07.2014 og blir fornya med eit år av gongen inntil ein av partane seier den opp.

Slutthandsaming av gips

Renovest har tidlegare køyrt gipsavfall på deponi hos Indre Agder og Telemark Avfallsselskap i Treungen. Hausten 2023 inngjekk Renovest avtale med New West Gipsgjenvinning AS i Holmestrand om materialgjenvinning av gipsen. Den gjenvunne gipsen vert bruka på nytt hos ulike gipsplateprodusentar.

Avtala med New West Gipsgjenvinning AS byrja 02.10.2023 og varar fram til 31.12.2025. Avtala fornyast automatisk i ytterlegare to år med mindre ein av partane seier den opp.





Drift og prosjekt

HUSHALDS- OG HYTTERENOVASJON

Innsamling av avfall

Arbeidet med innsamling av avfall frå hushaldning og hytter har i 2023 blitt utført på ein tilfredsstillande måte, både av ekstern renovatør og av våre egne tilsette. Det har som tidlegare år vore periodar med vanskelege køyreforhold på enkelte ruter i vinterhalvåret. Dette har som regel løyst seg ved at renovasjonsbilen har tømt på eit seinare tidpunkt, eller at abonnentane har fått SMS-varsling om at avfallet ikkje har blitt tømt grunna manglande vintervedlikehald. Kjem ikkje renovasjonsbilen fram fordi abonnenten ikkje har utført naudsynt vintervedlikehald får dei gjerne ei påminning om at dei sjølv kan levere avfallet sitt kostnadsfritt på eit av våre bemanna mottak.

Hushaldningsabonnentar og hentefrekvensar

Renovest IKS har i alle år stoppa den ordinære innsamlinga av hushaldningsavfall i joleveka og i påskeveka. Dette er hovudsakeleg på grunn av den hyppige førekomsten av heilagdagane i desse periodane. Å køyre faste ruter i desse vekene ville krevd betydeleg dobbeltkøyning og ekstra mannskap, noko som ikkje berre ville påverka avfallsgebyret, men det ville også skapt utfordringar med tanke på bemanning. Eit anna viktig element er at renovatørane også treng fri i løpet av året i form av avspasering og ferie. Desse vekene passar godt til slik avvikling sidan dei allereie er prega av mykje heilagdagane. Vidare, ved å tilby renovatørane fri i desse periodane, blir jobben som renovatør meir attraktiv i konkurranse med for eksempel anleggsbransjen og transportbransjen. Dette styrkar både rekrutteringa og motivasjonen til å halde fram med dette arbeidet, noko me meiner er med på å halde kvaliteten på tenestene som Renovest IKS leverer gode resten av året.

For å bøte på at det i desse periodane blir fire veker intervall på innsamling av restavfall, plastemballasje og papp/papir har me forsøkt ulike tiltak tidlegare. I jola 2020 (årsskifte 2020/2021) valte me å auke hentefrekvens på restavfall på bekostning av plastemballasje. Me henta difor restavfall rett før, og rett etter joleveka. Ulempa med å gjere det slik var at det då vart sju veker intervall for henting av plastemballasje. Renovest informerte då i forkant om at abonnentane kunne nytte gule sekkar til plastemballasje i mellomtida, og at desse ville samlast inn samtidig som at dunken til plastemballasje skulle tømast. Renovest fekk likevel den gongen ein del klager på at det blei for lang frekvens på henting av plastemballasje, faktisk langt fleir klager enn me har fått i seinare tid i forbindelse med litt lengre frekvens på alle avfallsfraksjonane. Det kom tilbakemeldingar om at det gav feil signal å prioritere restavfall når me samtidig oppfordrar til kjeldesortering og reduksjon av restavfallet. Den årlege plukkanalysa viser også at om lag halvparten av det som vert hive i restavfallet ikkje skulle vore der, men heller vore utsortera som andre avfallsfraksjonar.

Det har også kome innspel om at dei ulike avfallsfraksjonane bør kombinerast annleis på bilane med to avfallskammer, sidan det ofte er god kapasitet i både matavfallsdunken og i dunken til glas- og småmetall. Dette er i utgangspunktet ein god idé, men problemet i dag er at det er veldig mange samlebeholdarar til restavfall, plastemballasje og papp/papir som er for store til å kunne tømast i det minste kammeret. Sidan ein ikkje kan tømme dunkar større en 240 liter i det minste kammeret kan for eksempel ikkje papp/papir og restavfall køyrast på den same ruta.





Rauboks til oppbevaring av farleg avfall og småelektronikk

Hausten 2023 kunne me tilby både fastbuande og fritidsabonnentar eigen behaldar til farleg avfall og småelektronikk. 23. november delte me informasjon om dette på heimesida og Facebooksida vår, i tillegg til at me bad eigarkommunane dele informasjonen på sine sider. Renovest fekk også framsida av Vest-Telemark blad til å marknadsføre rauboksen dagen etter at me hadde publisert det dei andre stadane. Me bestilte også levande webbannonsar om rauboksen i VTB som låg aktive til godt ut i 2024.





Hytterrenovasjonsordninga

I 2023 har me ingen registrert klager i forbindelse med hytterrenovasjonsordninga. Verken når det gjeld plassering av nye returpunkt, eller når det gjeld sjølve drifta og innsamling av avfallet. Renovest har derimot fått mange positive tilbakemeldingar i forbindelse med at dei nye hyttereturlpunkt ser bra ut. Sjøførane har også fått skryt for at dei har klart å oppretthalde ledig kapasitet i hyttecontainerane, også i den største høgtidstrafikken.





Planendring av hytterenasjonsløysinga

Arbeidet med utbetring og opparbeiding av nye returpunkt har gått som forventa i 2023. Renovest ligg dermed godt i rute i forhold til planen om å kome så godt som i mål i løpet av år 2024.

Kviteseid kommune

Alle hyttereturpunkt i Kviteseid kommune er ferdig opprusta med nye containerar og moglegheit for full kjeldesortering.

Seljord kommune

Alle hyttereturpunkt i Seljord kommune er ferdig opprusta med nye containerar og moglegheit for full kjeldesortering.

Tokke kommune

I Tokke kommune er alle hyttereturpunkt, bortsett ifrå eit, ferdig opprusta med nye containerar og moglegheit for full kjeldesortering. Det einaste returpunktet som står igjen er det som er planlagt på Åmdals Verk. Dette skal etter planen ferdigstillast våren 2024.





Vinje kommune

I Vinje kommune har det også skjedd mykje i løpet av 2023. I området Rukkemo/Torvetjønn på Rauland har me endeleg funne gode løysingar, og alle returpunkt mellom Raulandsgrend og Heimvegli er nå oppgradert med moglegheit for full kjeldesortering. Alle returpunkt i dette området har også fått nye botntømte containerar, bortsett i frå Holtardalen. På grunn av utfordringar med nok areal på eksisterande returpunkt er det førebels innført full kjeldesortering med gamaldags containerløysing. Planen er at det skal opparbeidast nytt returpunkt for Holtardalen med nye containerar i løpet av 2024.

Ein stad me diverre ikkje greidde å få til noko avtale om areal til nytt returpunkt er ved Farhovd/Flotubuvegen. Det næraste returpunktet for desse abonnentane har difor nå blitt Vierli i retning Rjukan, og Rukkemo Aust i retning Rauland. Til trass for dette har me berre fått positive tilbakemeldingar frå hytteabonnentar i dette området på at dei endeleg har fått tilbod om full kjeldesortering.

På Tyrveli i Vågslid har me også fått ferdig eit stort nytt returpunkt med nye containerløysingar og full kjeldesortering. Dette returpunktet dekkjer alle hyttefelta i området rundt Haukelifjell Skisenter.

Følgande punkt er ferdig opparbeida i Vinje kommune:

- Øyfjell sentrum (Øyfjell)
- Straumekrysset (Øyfjell)
- Krossen (Rauland)
- Vamark (Langs RV9 om lag 4,5 km frå kryss til E134)
- Åmot sentrum (Åmot)
- Heimvegli (Rauland)
- Svineglupen (Rauland)
- Vierli (Rauland)
- Tyrveli (Vågslid)
- Harkjellstaulvegen (Raulandsgrend)
- Rukkemo Aust (Rauland)
- Sauråi (Rauland)

På grunn av arealutfordringar har me som ei midlertidig løysing innført full kjeldesortering med gamaldagse containerar på følgande returpunkt:

- Holtardalen (Rauland)
- Svarttjønnåsen (Vågslid)
- Botn (Vågslid)
- Arbuvollen (Vågslid)

Fyresdal kommune

I Fyresdal har det ikkje blitt opparbeida nye returpunkt i 2023, men det har tidlegare blitt opparbeida og klargjort to punkt:

- Verpe, Fyresdal
- Kile, Birtedalen

Det er planlagt møte med Fyresdal kommune tidleg i 2024 for å planlegge vidare framdrift for nye returpunkt i løpet av året som kjem.





Statistikk for innsamla avfall

Innsamling av hushaldningsavfall frå hyttereturpunkt

Statistikken for innsamling frå hyttereturpunkt viser ei total nedgang i avfall på 143,89 tonn frå i fjor.

Restavfallsmengda går framleis nedover, og har gjort det sidan toppen i 2018. Frå 2022 til 2023 var nedgangen på 216,50 tonn. Det har derimot vore ei auke på dei fire kjeldesorterte avfallsfraksjonane glas og småmetall, matavfall, papp/papir og plast. Kjeldesorteringsgraden på innsamla avfall frå hytter var i 2023 på 23,0 %, mot 17,5 % i 2022. Dette viser at kjeldesorteringa har blir betre, men at me framleis har forbedringspotensiale.



År	Totalt	Restavfall	Papp og papir	Matavfall	Plastemballasje	Glas og småmetall	Kjeldesorteringsgrad
2022	1 935 230	1 596 030	99 990	53 550	22 140	163 520	17,5 %
2023	1 791 340	1 379 530	112 040	85 050	31 690	183 030	23,0 %
Endring	- 143 890	- 216 500	12 050	31 500	9 550	19 510	5,5 %






Innsamling av hushaldningsavfall frå fastbuande

Statistikken for innsamling hos hushaldsabonnentar viser ei auke i avfall på 52,335 tonn frå i fjor.

Restavfallsmengda har nå gått litt opp, og frå 2022 til 2023 var auka på 40,055 tonn. Mengda med papir har gått ned med 9,45 tonn, mens matavfall har auka med 21,69 tonn. Plastemballasje har gått ned med 2,216 tonn og glas og småmetall har hatt ei auke på 2,256 tonn. Kjeldesorteringsgraden på innsamla avfall frå hushald var i 2023 på 59,8 %, mot 60,8 % i 2022. Det vil seie ein nedgang på 0,9 %.



År	Totalt	Restavfall	Papp og papir	Matavfall	Plastemballasje	Glas og småmetall	Kjeldesorteringsgrad
2022	2 063 828	809 625	365 020	581 000	127 991	180 192	60,8 %
2023	2 116 163	849 680	355 570	602 690	125 775	182 448	59,8 %
Endring	52 335	40 055	- 9 450	21 690	- 2 216	2 256	-0,9 %




Plukkanalyse

Hushaldsabonnentar

Renovest har i åra 2017, 2020, 2021, 2022 og 2023 tatt plukkanalyser av restavfall samla inn frå hushaldningsabonnentar. Avfallet som analyserast har kvart år blitt henta hos dei same 28 abonnentane. Dette for å kunne måle ei eventuell endring i sorteringsgraden. Abonnentane representerer ein god miks av befolkninga. Det er både småbarnsfamiliar, ungdommar, godt vaksne og einslege.

Tabellen og diagrammet under viser fordelinga i prosent per utsortert fraksjon av innhenta avfall i åra 2017, 2020, 2021, 2022 og 2023.

År	Antall innsamla kg	Totalt	Mat	Papir	Glas/småmetall	Plast	EE-avfall	Farleg avfall	Metall	Park/hege	Restavfall
2017	310	100,00 %	33,24 %	6,32 %	8,09 %	14,56 %	0,88 %	0,00 %	1,62 %	0,74 %	34,56 %
2020	310	100,00 %	31,64 %	10,06 %	8,92 %	11,68 %	0,16 %	0,06 %	0,16 %	0,32 %	36,99 %
2021	280	100,00 %	24,29 %	4,29 %	5,89 %	11,96 %	0,71 %	0,18 %	0,36 %	1,43 %	50,89 %
2022	267	100,00 %	16,85 %	2,62 %	3,18 %	10,30 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %	1,87 %	65,18 %
2023	274	100,00 %	19,34 %	4,56 %	3,28 %	9,85 %	0,36 %	0,36 %	0,18 %	6,75 %	55,29 %
2023	kg	274,00	53,00	12,50	9,00	27,00	1,00	1,00	0,50	18,50	151,50



Ved plukkanalyse i 2017 var det berre 35,56 % av restavfallet som faktisk var restavfall. Resterande 64,44 % bestod av andre avfallsfraksjonar.

Plukkanalyse i 2022 er det beste året så langt. Då var 65,18 % av avfallet restavfall, mens 34,82 % av avfallet bestod av andre avfallsfraksjonar. Det var også positivt å sjå at det ikkje vart funne farleg avfall i plukkanalyse i 2022.

I 2023 var 55,29 % av avfallet restavfall mens 44,71 % skulle vore sortert ut som andre avfallsfraksjonar. Dette betyr at det diverre har vore ein tilbakegang frå 2022. Det vart også funne 1 kg farleg avfall i restavfallet, der i blant 17 småbatteri. Det er den mest alvorlege feilsorteringa, noko me håpar vil reduserast når raudboksen er tilgjengeleg.






Plukkanalyse 2023

Hushaldsabonnentar


Fraksjon	vekt (kg)	%
Restavfall	151,5	55,3 %
Papir	12,5	4,6 %
Glass og småmetall	9	3,3 %
Plast	27	9,9 %
Matavfall	53	19,3 %
EE-avfall	1	0,4 %
Park- og hageavfall	18,5	6,8 %
Farleg avfall	1	0,4 %
Metall	0,5	0,2 %
Totalt	274	100,00 %

Ut i frå plukkanalysane kan me sjå grunnen til at den totale mengda med innsamla restavfall er lågare i 2023 enn i 2017. Det er fordi meir av det som kan sorterast ut av restavfallet nå er sortera ut.



■ Restavfall
■ Papir
■ Glass og småmetall
■ EE-avfall
■ Metall
■ Plast
■ Matavfall
■ Park- og hageavfall
■ Farleg avfall

Andel restavfall i restavfallet



Hytteabonnentar


I 2023 utførte me for fyrste gong plukkanalyse av restavfall frå fritidsabonnentar. Me valte denne gongen å gjere analyse av avfallet frå Fiskebekk hyttereturpunkt i Vrådal. Dette returpunktet har hatt full kjeldesortering med nye containerløysingar i om lag tre år. I tillegg er dette eit stort returpunkt som vert bruka av mange hytteabonnentar.

Resultatet av plukkanalyse vart ikkje positivt. Det viste seg at det berre var 23,3 % av avfallet som var restavfall. Nesten halvparten av alt avfallet (42,9 %) var matavfall. Også her fant me ein halv kilo farleg avfall, der i blant 23 småbatteri.

Plukkanalyse 2023

Hytteabonnentar

Fraksjon	vekt (kg)	%
Restavfall	62	23,3 %
Papir	29	10,9 %
Glass og småmetall	18	6,8 %
Plast	37	13,9 %
Matavfall	114	42,9 %
EE-avfall	1,5	0,6 %
Park- og hageavfall	3,5	1,3 %
Farleg avfall	0,5	0,2 %
Metall	0,5	0,2 %
Totalt	266	100,00 %



- Restavfall
- Papir
- Glass og småmetall
- Plast
- Matavfall
- EE-avfall
- Park- og hageavfall
- Farleg avfall
- Metall



Avfallsmottaka


Antall fastbuande og hytteabonnentar som har besøkt avfallsmottaka våre har i gjennomsnitt auka med 1941 besøkande kvart år dei siste tre åra. Mengda avfall per besøk har derimot gått ned kvart år. I 2023 hadde me 5822 fleire abonnementsbesøk enn i 2020, men dei besøkande hadde til saman med seg 153 tonn mindre avfall i år 2023 i forhold til år 2020. Det betyr at kvar abonnent som besøkte mottaka våre i 2023 i gjennomsnitt hadde 69 kg mindre avfall med seg enn i 2020.

Brunkeberg, Skårmoen, Vistad og Hovdestad

Utan kort/vekt

År	2020	2021	2022	2023
Besøkande	13469	15280	17779	19291
Tonn avfall levera	2708	2938	2398	2555
Snittvekt pr. besøk	0,201	0,192	0,135	0,132

Antall besøkande og antall tonn avfall levera



Det er sannsynleg at noko av grunnen til me får fleire besøkande er at me har ope to dagar i veka på Vistad og Hovdestad avfallsmottak. Det har også blitt meir vanleg at det er folk på hyttene i vekedagane utanom helg og høgtider. Det er difor sannsynleg at fleire hytteabonnentar nyttar dei bemanna mottaka meir enn dei gjorde før. Ein annan årsak til at abonnentane besøker mottaket oftare enn før, og har mindre avfall med seg på kvart besøk, kan også ha samanheng med at abonnentane kan levere hushaldningsavfall så ofte dei vil, og ikkje berre tre gonger i året slik det var tidlegare. Dette er eit tilbod Renovest har fått mange positive tilbakemeldingar på.





Samlestatistikk – 2023

AVFALLSSTATISTIKK Fraksjonar	2023				2022				2021			
	Hushald	Hytter	Næring	Totalt	Hushald	Hytter	Næring	Totalt	Hushald	Hytter	Næring	Totalt
Restavfall	1 683	1 608	1 061	4 352	1 638	1 815	2 251	5 704	1 975	2 061	1 855	5 892
Andel fordelt	39 %	37 %	24 %	100 %	29 %	32 %	39 %	100 %	34 %	35 %	31 %	100 %
Matavfall	603	85	221	909	581	54	146	780	603	24	96	723
Andel fordelt	66 %	9 %	24 %	100 %	74 %	7 %	19 %	100 %	83 %	3 %	13 %	100 %
Papp og papir	420	117	126	663	383	118	308	811	444	94	290	828
Andel fordelt	63 %	18 %	19 %	100 %	47 %	15 %	38 %	100 %	54 %	11 %	35 %	100 %
Plastemballasje	126	33	18	176	129	23	18	171	128	2	6	137
Andel fordelt	71 %	19 %	10 %	100 %	75 %	13 %	11 %	100 %	94 %	2 %	5 %	100 %
Glass og småmetall	182	184	40	407	182	165	35	382	213	142	22	377
Andel fordelt	45 %	45 %	10 %	100 %	48 %	43 %	9 %	100 %	56 %	38 %	6 %	100 %
Metall og kabel	273	30	117	420	353	40	125	519	332	37	153	522
Andel fordelt	65 %	7 %	28 %	100 %	68 %	8 %	24 %	100 %	64 %	7 %	29 %	100 %
Trevirke	428	41	510	978	588	61	328	977	860	71	452	1 383
Andel fordelt	44 %	4 %	52 %	100 %	60 %	6 %	34 %	100 %	62 %	5 %	33 %	100 %
Hage / Parkavfall	148	21	19	188	116	18	53	187	129	18	75	222
Andel fordelt	79 %	11 %	10 %	100 %	62 %	10 %	28 %	100 %	58 %	8 %	34 %	100 %
Trykkimpregnert	83	15	43	141	83	13	51	147	70	13	71	154
Andel fordelt	59 %	11 %	30 %	100 %	57 %	9 %	34 %	100 %	46 %	9 %	46 %	100 %
Asbest	-	-	6	6	26	4	15	45	11	1	10	22
Andel fordelt	0 %	0 %	100 %	100 %	59 %	8 %	32 %	100 %	49 %	5 %	45 %	100 %
Gips	14	1	7	22	19	1	16	35	19	1	5	25
Andel fordelt	64 %	4 %	33 %	100 %	52 %	3 %	45 %	100 %	78 %	3 %	19 %	100 %
Farleg avfall	45	5	10	60								
Andel fordelt	75 %	8 %	17 %	100 %								
Landbruksplast	-	-	47	47	-	-	116	116	-	-	104	104
Andel fordelt	0 %	0 %	100 %	100 %	0 %	0 %	100 %	100 %	0 %	0 %	100 %	100 %
EE-avfall	69	34	55	158	12	12	35	59				
Andel fordelt	44 %	21 %	35 %	100 %	21 %	21 %	59 %	100 %				
Inerte masser	-	-	58	58	-	-	15	15				
Andel fordelt	0 %	0 %	100 %	100 %	0 %	0 %	100 %	100 %				
Tekstiler	32	11	-	43	33	11	-	44				
Andel fordelt	75 %	25 %	0 %	100 %	75 %	25 %	0 %	100 %				
Totaler	4 106	2 184	2 339	8 629	4 143	2 335	3 512	9 992	4 784	2 465	3 139	10 387
Andel fordelt	48 %	25 %	27 %	100 %	41 %	23 %	35 %	100 %	46 %	24 %	30 %	100 %

Statistikken viser alt avfall i tonn, både innsamla og det som er levert på avfallsmottaka våre. Fordelinga mellom hushalds- og næringsavfall har i 2023 eit forholdstal på 73/27. Det har vore ein stor reduksjon i restavfallsmengda frå næringslivet i forhold til år 2022.





SLAMHANDTERING

Driftsrapport – Litveit komposteringsanlegg (knytt til slamtøming, RA-slam og næringslam)

Litveit slamanlegg har konsesjon på å ta i mot og handsame 3 900 tonn råslam og 3 500 tonn strukturmateriale per år. I regionen til Renovest hentar me inn ca. 2 200 tonn per år.

I tillegg til eige slam tek me inn septik og slam frå Tinn kommune, samt septik frå Hjartdal, Notodden, Midt-Telemark og Kongsberg. Avtalene går ut på å kompostere slammet og syte for omsetnad av slamkomposten.

Oppsummering av drifta 2023

- Driftsrutinane er gode.
- God kontroll og lite lukt.
- Det vart ikkje bygd ranker eller køyrt ut slam frå ranke i fellesferien.
- Det er køyrt inn 2 631 tonn råslam, 602 tonn septik, 206 tonn feitt og 2 372 tonn strukturmateriale.
- Det er køyrt ut 4 570 tonn ferdigvare.





Septik	Tonn
Tinn	62
Midt-Telemark, Hjartdal og Kongsberg	210
Vest-Telemark	330
Sum	602
Slam	Tonn
Tinn	708
Vest-Telemark	1 923
Sum	2 631
Fett	Tonn
Telemark	206
Sum	206
Struktur	Tonn
Granbork	2 184
Park- og hageavfall	188
Sum	2 372
Kompost ut	Tonn
Jaco, jordforbetring	3 643
Jordbruk	306
Torv produksjon og park/hage	621
Sum	4 570





Luktlogg frå 01.01.2023 – 31.12.2023

- Inga registrerte luktplager frå driftsoperatør
- 3 innkomene luktklagar frå naboar

Dei tre luktklagane kom inn 07.06.2023, 15.06.2023 og 05.09.2023.

Det er ikkje registrert unormal aktivitet på Litveit slamkomposteringsanlegg i periodane klagene har kome inn.

Tilbakemelding frå naboane til Litveit komposteringsanlegg

- Svært nøgde med drifta av Litveit i 2023.
- Naboane fekk tilbod om årleg møte med omvising på anlegget, samt gjennomgang av rutinane på sjølve drifta. Dette møte skulle etter planen haldast 17.11.2023. Dette vart avlyst då det berre var ein deltakar som melde interesse.
- Neste møte er satt til 15.11.2024.

Slamkvalitet

Slamkvaliteten for 2023 har vore god, all produksjon er klasse 1 eller klasse 2.

Ferdig slamkompost leverast til jordproduksjon, landbruk og park/hage.

Maskiner og utstyr

Renovest har ein hjullastar og rankevendar på komposteringsanlegget. Me har i tillegg avtale med en lokal entreprenør om leige av maskiner som sikrar drift ved eventuelle havari. Det blir nytta innleigd gravemaskin med sjåfør ved rankebygging.

HMS og opplæring

Renovest har stort fokus på at operatørar skal ha vært gjennom ein grundig opplæring i prosessane, samt i bruk av maskiner og utstyr, og ha de nødvendige kunnskap for å drifte anlegget. Anlegget driftast av ein fast operatør og vi har ein vikar for å dekke inn ferie og evt. sjukdom. Begge har gjennomgått same opplæringsprogram.





Forskings- og utviklingsaktivitetar

Innleiing

I 2022 oppretta Renovest, saman med blant andre SINTEF, eit forskingsprosjekt med målsetting om å kunne etablere ein meir berekraftig praksis for innsamling av avløpsslam frå spreidd bebyggelse. Bakgrunnen for prosjektet var eit felles ynskje om å fjerne tekniske, kunnskapsrelaterte og marknadsrelaterte barrierar som i dag er til hinder for utstrekt bruk av mobil avvatning for slamtøming av minireinseanlegg.

Prosjektet har tre delmål:

Delmål 1:

Greie ut for i kva grad karakteristikken på rejektivatn påverkar av kvaliteten på utførelse av avvatningsprosessen, derunder val av polymertype, avvatningsteknologi, og relevante prosessparameter.

Delmål 2:

Dokumentere i kva grad tilbakeføring av rejektivatn av ulik kvalitet har konsekvensar for reinseeffekt og funksjonalitet til minireinseanlegg.

Delmål 3:

Utarbeide nye og forbedra retningslinjer for utføring av mobile avvatningstenester, og teste ut og implementere desse hos deltakande aktørar på slamtøming.

Prosjektpartnerane er RENOVEST IKS, SINTEF AS, VINJE KOMMUNE, BIOVAC ENVIRONMENTAL TECHNOLOGY AS, KLARO RENSEANLEGG NORGE AS, KINGSPAN WATER & ENERGY AS, AVLØP NORGE, KEMIRA CHEMICALS AS, NORVA 24 AS og TELEMARKE GODSLINJER AS.

Renovest IKS er projekteigar og SINTEF AS er prosjektleiar.

Dei totale kostnadane ved prosjektet er budsjettert til NOK kr. 5 321 000.

21.09.2022 vart det sendt inn søknad til Regionale Forskningsfond Vestfold og Telemark om tildeling av midlar til ovannemnde prosjekt. Det var anledning til å søke om maksimalt 50 % av dei totale projektkostnadane, og me fekk tildela inntil NOK kr. 2 646 000. Desse midlane skal nyttast til å dekke kostnader knytt til FoU. I tillegg skal Kemira bidra med NOK kr. 400 000. Renovest sitt einaste økonomiske bidrag i prosjektet blir difor eigeninnsats i form av administrative timar.

Prosjektet skal utførast i perioden 31.03.2023 til 30.03.2025.



Bakgrunn

I løpet av dei siste par tiåra har bruken av mobil avvatning blitt utbreidd for slamtøming av avløpsanlegg frå spreidd bebyggelse. Med denne teknologien blir slamm avvatna på staden, og rejektivatnet blir ført tilbake til avløpsanlegget. Samanlikna med tøming med slamsugebil medfører bruk av mobil avvatning vesentleg reduksjon i transporterte mengder slam. Dette resulterer blant anna i reduserte klimagassutslepp og økonomiske innsparingar knytt til mindre køyring og mindre forbruk av drivstoff.

Eit ankepunkt mot bruk av mobil avvatning er at det er usikkert korleis tilbakeføring av rejektivatn kan ha negative konsekvensar for minireinseanlegg og reinsetrinn nedstrøms for slamavskiljarar. Med bakgrunn i dette er det slik at dei fleste leverandørane av minireinseanlegg i den nordiske marknaden ikkje tillèt at rejektivatn blir ført tilbake til anlegga deira. Dei fleste kommunane stiller seg bak leverandørane sine tilrådingar og tillèt heller ikkje tilbakeføring av rejektivatn til minireinseanlegg. Denne praksisen fører i prinsippet til at om lag 30 000 minireinseanlegg på landsbasis ikkje kan tømmast ved bruk av mobil avvatning, og dermed reduserast dei potensielle miljømessige og økonomiske innsparingane ved bruk av teknologien.

Prosjektet

Innovasjonsidéane gjeng ut på å fornye kommunane sin strategi for innsamling av slam frå avløpsanlegg i spreidd busetnad slik at alle typar avløpsanlegg, inkludert minireinseanlegg, kan tømmast ved bruk av mobil avvatningsteknologi på lik linje med slamavskiljarar. Dei sentrale FoU-aktivitetane inkluderer lab-skala og fullskalaforsøk for å undersøke potensialet for optimalisering av avvatningsprosessen, og å skaffe dokumentasjon på driftsmessige og forureiningsmessige konsekvensar ved tilbakeføring av rejektivatn til minireinseanlegg. Ny kunnskap skal deretter takast i bruk gjennom å etablere nye og forbetra prosedyrar for mobil avvatning hos bedrifter som driv med slamtøming.

Prosjektaktivitetar

For å dokumentere eventuelle konsekvensar på minireinseanlegg som følgje av tilbakeføring av rejektivatn frå mobil avvatning utførast det feltstudiar med utvalde anlegg frå eigarkommunane til Renovest. Det er valt ut til saman 21 anlegg fordelt på dei tre leverandørane av minireinseanlegg som deltek i prosjektet. Anlegga skal tømmast to gonger i prosjektperioden. Anleggsfunksjon og reinseeffekt blir overvaka ved systematisk prøvetaking av relevante vasskvalitetsparametrar, slamnivåmålingar og observasjonar frå servicetenesstepersonell i perioden før og etter slamtøming. Dei utvalde anlegga blir tømt med både mobil avvatning (testgruppe) og med konvensjonell slamtøming (referansegruppe). Eit sentralt poeng vil vere å vurdere om det er skilnad i anleggsfunksjon og reinseeffekt mellom testgruppe og referansegruppe, og eventuelt om det er tidsavhengige effektar i forhold til tidspunkta for tøming.

Vidare skal Lab-aktiviteten støtte det andre hovudmålet for prosjektet, som er å skaffe kunnskap som kan leggje grunnlag for å optimalisere avvatningsprosessen. Ein vil mellom anna undersøkje om ein kan optimalisere karakteristikken til polymeren som blir nytta for avvatning, og om ein bør bruke ulike typar polymer for ulike typar slam. Ein vil også studere betydninga av å avgrense tilbakeføring av rejektivatn og om dosering/overdosering av fellingskjemikalie frå det kjemiske reinsetrinnet i minireinseanlegget påverkar effekten til polymeren.





Aktivitetar og resultat i 2023

Ved utløpet av 2023 er første slamtøming gjennomført. I tillegg er 9 av totalt 20 prøverundar utført. Feltstudien vil bli avslutta i løpet av seinhausten 2024. Analysa av det innsamla datamaterialet er i gong, men vil bli prioritert ytterlegare i den komande perioden. Resultata frå feltstudien skal leie til ein konklusjon om mobil avvatning med tilbakeføring av rejevatn påverkar drifta av minireinseanlegg negativt.





Økonomi fordela på dei ulike rekneskapsavdelingane

Etter avrekning til kommunane

Avdeling 1 – Renovasjon

Renovest IKS

Avdelingsrapport

Avdeling 1 - RENOVASJON

Periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Sum omsetning	40 868 173	40 958 469	-90 297
Sum varekostnader	-16 473 686	-15 965 507	-508 179
Bruttoforteneste	24 394 487	24 992 962	-598 475
Sum lønn og personalkostnader	-7 039 290	-8 006 487	967 197
Dekningsbidrag 2	17 355 197	16 986 475	368 722
Sum andre driftskostnader	-15 747 678	-15 242 310	-505 368
Driftsresultat før finans	1 607 519	1 744 166	-136 646
Sum finansposter	-1 016 991	-1 089 074	72 082
OVERSKOT (+) / UNDERSKOT (-)	590 528	655 092	-64 564

Kommentarar til vesentlege budsjettavvik:

- **Varekostnader:**
 - INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL: (- 519')
Høgare årleg prisauke for innsamling av hushaldsavfall enn budsjettera.
Meir innsamling av matavfall frå hyttereturpunkt enn budsjettera.
- **Lønn og personalkostnader:**
 - ENDRING PÅLØPT PENSJONSFORPLIKTING (+ 564')
 - REFUSJON SJUKEPENGAR (+ 241')
- **Andre driftskostnader**
 - REP/VEDLIKEHALD AV UTSTYR (- 338')
Reparasjon av terminalvekt og utskifting av sjåførterminal.
 - SNORYDDING (- 235')
Større kostnad knytt til snorydding på nye hyttereturpunkt enn budsjettera.





Avdeling 2 - Slamrenovasjon

Renovest IKS

Avdelingsrapport

Avdeling 2 - SLAM

Periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Sum omsetning	6 332 154	6 361 874	-29 720
Sum varekostnader	-4 765 829	-4 656 512	-109 317
Bruttoforteneste	1 566 325	1 705 362	-139 037
Sum lønn og personalkostnader	-615 395	-1 015 586	400 190
Dekningsbidrag 2	950 929	689 776	261 153
Sum andre driftskostnader	-888 624	-721 630	-166 995
Driftsresultat før finans	62 305	-31 853	94 158
Sum finansposter	-23 982	-35 751	11 769
OVERSKOT (+) / UNDERSKOT (-)	38 323	-67 604	105 928

Kommentarer til vesentlige budsjettavvik:

- **Lønn og personalkostnader:**
 - LØNN OG PERSONALUTGIFTER (+ 400')
Lågare personalkostnader på aktivitetar knytt til slamrenovasjon enn forventa.
- **Andre driftskostnader:**
 - VEDLIKEHALD (- 163')
Større behov for reparasjonar og vedlikehald på hjullastaren på Litveit.





Avdeling 3 – Næring

Renovest IKS

Avdelingsrapport

Avdeling 3 - Næring

Periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Sum omsetning	10 242 988	10 256 992	-14 003
Sum varekostnader	-4 650 552	-5 699 036	1 048 484
Bruttoforteneste	5 592 436	4 557 956	1 034 480
Sum lønn og personalkostnader	-2 092 388	-1 805 103	-287 285
Dekningsbidrag 2	3 500 048	2 752 853	747 196
Sum andre driftskostnader	-2 300 314	-1 911 055	-389 259
Driftsresultat før finans	1 199 734	841 797	357 937
Sum finansposter	-141 443	-178 475	37 031
OVERSKOT (+) / UNDERSKOT (-)	1 058 291	663 323	394 968

Kommentarer til vesentlige budsjettavvik:

- **Varekostnader:**
 - STRUKTURMATERIALE SLAM: (+ 239')
Behov for mindre strukturmateriale til slamkompostering enn forventa.
 - INNSAMLING, TRANSPORT OG SLUTTHANDSAMING (+ 754')
Mindre utgifter enn forventa, spesielt med tanke på reduksjon i restavfallsmengda.
- **Lønn og personalkostnader:**
 - LØNN OG PERSONALUTGIFTER (- 287')
Behov for meir ressursar i forbindelse med arbeid knytt til næringsaktiviteten.





Avdeling 4 – RA-Slam

Renovest IKS

Avdelingsrapport

Avdeling 4 - RA-SLAM

Periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Sum omsetning	4 002 045	4 285 194	-283 149
Sum varekostnader	-2 214 527	-2 871 903	657 376
Bruttoforteneste	1 787 518	1 413 291	374 227
Sum lønn og personalkostnader	-575 693	-648 368	72 675
Dekningsbidrag 2	1 211 825	764 923	446 902
Sum andre driftskostander	-1 058 119	-1 114 886	56 767
Driftsresultat før finans	153 706	-349 963	503 668
Sum finansposter	-70 862	-98 701	27 839
OVERSKOT (+) / UNDERSKOT (-)	82 844	-448 663	531 507

Kommentarar til vesentlege budsjettavvik:

- **Omsetning:**
 - ENDRING I SJØLVKOSTGEBYR (- 249')
Tilbakebetaling til kommunane.
- **Varekostnader:**
 - STRUKTURMATERIALE SLAM: (+ 437')
Behov for mindre strukturmateriale enn budsjettet.
 - TRANSPORT FRÅ LITVEIT: (+ 108')
Lågare utgifter med eksternttransport av ferdigkompost en budsjettet.
- **Lønn og personalkostnader:**
 - LØNN OG PERSONALUTGIFTER (+ 73')
Lågare personalkostnader på aktivitetar knytt til slamrenovasjon enn forventa.





Sjølvkostrekneskap

Kalkyleår:

2023

Inkluder kalkyle i avstemming:

Ja

Ja

Ja

Ja

Inntekter som positive tall:

Ja

Avstemming	Regnskap	Alle valgte kalkyler	Avvik	Husholds-avfall	Slamtøming	RA-Slam	Nærings-avfall
3008 ABB.AVG. RENOVASJON - SJØLVKOST	40 203 441	40 203 441	0	40 203 441	0	0	0
3010 ABB.AVG. SLAM - SJØLVKOST	6 429 647	6 429 647	0	0	6 429 647	0	0
3011 INNTEKTER RENSEANLEGG - SLAM	4 250 780	4 250 780	0	0	0	4 250 780	0
Gebyrinntekter	50 883 868	50 883 868	0	40 203 441	6 429 647	4 250 780	0
3*** Øvrige salgsinntekter	11 868 140	11 868 140	0	1 625 152	0	0	10 242 988
80** Finansinntekter	410 860	53 164	357 697	0	0	0	53 164
Inntekter	63 162 868	62 805 171	357 697	41 828 593	6 429 647	4 250 780	10 296 152
4*** Varekostnad	28 104 595	28 104 595	0	16 473 686	4 765 829	2 214 527	4 650 552
5*** Lønnskostnad	10 322 766	10 322 766	0	7 039 290	615 396	575 693	2 092 387
60** Avskrivninger	6 928 263	806 579	6 121 684	0	0	0	806 579
6*** Annen driftskostnad	10 914 980	10 914 980	0	8 390 704	715 387	628 181	1 180 708
7*** Annen driftskostnad	2 151 492	2 151 492	0	1 757 490	41 196	39 778	313 028
81** Finanskostnad	1 664 138	194 607	1 469 531	0	0	0	194 607
Direkte kostnader	60 086 234	52 495 018	7 591 216	33 661 170	6 137 809	3 458 178	9 237 862
Avskrivningskostnad		6 184 555	-6 184 555	5 656 991	133 397	394 167	0
Kalkulatorisk rente		1 760 659	-1 760 659	1 550 012	60 948	149 699	0
Direkte kapitalkostnader	0	7 207 002	-7 945 214	7 207 002	194 345	543 866	0
Indirekte kostnader	0	0	0	0	0	0	0
Sum kostnader	60 086 234	59 702 021	-353 998	40 868 172	6 332 154	4 002 045	9 237 862
Resultat	3 076 634	3 103 151	711 695	960 420	97 493	248 735	1 058 290
Tilbakeføring til eigarkommunane				960 420	97 493	248 735	


Kommentarar:

Det er statsobligasjonsrente / 5-årig SWAP-rente med tillegg av 0,5 prosentpoeng som er lagt til grunn i kalkulatorisk rente for sjølvkostberekningane: 3,04 % + 0,50 % = 3,54 %





Organisasjon





Representantskapet

Representantskapet veljast av eigarkommunane. Kvar kommune har to representantar. Funksjonstida fylgjer kommunevalperioden.

Representantane i perioden 2019 - 2023:

Kommune	Medlem	Personlege varamedlem
Fyresdal	Erik Skjervagen Ketil O. Kiland / Anders Bergsland	Elise Lauvrak Lars Erik Gangsei
Kviteseid	Bjørn Nordskog Solveig N. Grave	Magnhild Ek Brynildsen Tarjei Draugedal
Seljord	Beate Marie Dahl Eide* (nestleiar) Eide Hallgeir Ofte	Sondre Aasan Per Dehli
Tokke	Jarand Felland* (Leiar) Kjell Magne Grave	Solveig Benedikte Nes Tove Palmork Haavelmoen
Vinje	Bjørn Arne Lindskog Liv Sigrun N. Midtun	Asbjørn Gardsjord Birgit Tveito

Hausten 2023 vart det valt nye representantar, og representantane for perioden 2023-2027 er:

Kommune	Medlem	Personlege varamedlem 1	Personlege varamedlem 2
Fyresdal	Elise Lauvrak Robert Libjå	Erik Skjervagen Anders Bergsland	Rita Tuften Metveit Kjell Sverre Thoresen
Kviteseid	Tarjei Draugedal Solveig N. Grave	Anne Birgit Sollid Magnus Kvalbein	Morten Lundevall Tone M. Heggveit
Seljord	Solveig Sundbø Abrahamsen Sondre Aasan	Carina Thorvaldsen Eivind Skogheim	Beate Marie Dahl Eide Bjørn U. Andersen
Tokke	Jarand Felland Tor Eikland Lunde	Camilla Knudsen John Utigard	Solveig Benedikte Nes Tove Palmork Haavelmoen
Vinje	Nils-Ole Lien Liv Bente Tvenge	Tone Edland Bjørn Arne Lindskog	Svein Versto Johnny Venheim

Representantskapet vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen. Funksjonar merka «*» er valt for perioden 2021 - 2023

Styret

Styremedlemene blir valt av representantskapet for 2 år av gongen. Styreleiar og nestleiar er på val kvart år.

Komplett liste over sitjande styremedlem og personlege vararepresentantar:

STYRET I RENOVEST IKS (funksjonstid)

Kommune	Medlem	Verv	Varamedlem (rekkefølge)
Vinje	Åge Verpe (2023 - 2025)	Styreleiar	Nr. 1 - John Kjell Lien (2023 - 2025)
Tokke	Pernille Margrete Sørдал (2022 - 2024)	Nest leiar	Nr. 2 - Ursula Van Dam (2022 - 2024)
Seljord	Anne Bente K. Groven (2022 - 2024)	Styremedlem	Nr. 3 - Tone N. Midtbø (2023 - 2025)
Fyresdal	Kjersti Bergland (2023 - 2025)	Styremedlem	Nr. 4 - Kim Gøran Bringa (2022 - 2024)
Kviteseid	Gunnar Gulliksen (2023 - 2025)	Styremedlem	Nr. 5 - Olav K. Greivstad (2023 - 2025)





Lønns- og personalutval

Administrasjon er liten og dagleg leiar har utøvd dei naudsynte lønns- og personalmessige oppgåvene. I styresak 27/2000 gjorde styret slikt vedtak:

Lokale forhandlingar etter hovudtariffavtale - punkt 5.1 får dagleg leiar fullmakt til å gjennomføre.

Arbeidsmiljøutval

Det er ikkje krav etter lova å ha eit slikt utval for bedrifter med så få tilsette.

Styreansvarsforsikring

Det er ikkje teikna eigen forsikring for styrets medlem og dagleg leiars moglege ansvar ovanfor føretaket og tredjepersonar.

Likestilling i styret


Styre er samansett i samsvar med krav om representasjon av begge kjønn, jf. lov om likestilling i styrer i statsaksjeselskap, statsverksemdar, m.v. av 13.06.1997 nr. 44 og 45 samt endring av lov av 19.12.2003 nr. 120.

Det heiter i § 6-11a punkt 2;

Har styret fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vera representert med minst to. I same lov er det dei same krava til likestilling av kjønn mellom varamenn.

Styret i Renovest IKS

Kviteseid, den 6. mars 2024


Åge Verpe
Styreleiar


Pernille Margrete Sørdal
Nestleiar


Tone Nervold Midtbø
Varamedlem


Kjersti Berglund
Styremedlem


Ursula Van Dam
Varamedlem


Tor Helge Gjersund
Dagleg leiar





Årsrekneskap 2023 for Renovest IKS

Organisasjonsnummer 980 018 725





Resultatrekneskap

	Note	2023	2022	Budsjett
Driftsinntekter				
Salsinntekt	13	61 201 170	59 080 523	61 862 529
Annan driftsinntekt		244 190	157 947	0
Sum driftsinntekter		61 445 360	59 238 470	61 862 529
Driftskostnader				
Varekostnad		28 109 742	28 401 784	29 192 958
Løskostnad	1, 2, 3, 4	10 322 766	10 434 232	11 475 544
Avskrivning på varige driftsmidler	5	6 928 263	5 994 627	6 632 667
Annan driftskostnad		13 061 325	12 152 042	12 357 213
Sum driftskostnader		58 422 096	56 982 685	59 658 382
Driftsresultat		3 023 264	2 255 785	2 204 147
Finansinntekter				
Annan renteinntekt		410 860	172 901	0
Sum finansinntekter		410 860	172 901	0
Finanskostnader				
Annan rentekostnad		1 664 138	944 410	1 402 000
Sum finanskostnader		1 664 138	944 410	1 402 000
Netto finans		(1 253 278)	(771 510)	(1 402 000)
